

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tillegg til nr. 39.

Fylke: Sogn o. Fj.

Tilleggsspørsmålnr. Avskrift Husmanns-
minner nr. 1030

Herad: Innviken

Emne:

Bygdelag: Hopland

Oppskr. av: P. M. Skrede

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Fru Marta P. Skrede f. 15/12 1891.

SVAR

Brudlaupskorg og ytingar av mjölk til brudlaup på
Rand omkr. 1900.Gombe.

Det gjekke med 12 liter söt mjölk som vart löypt med kalvekjese og innkokt Kvitosten og mysa saman. For å få den høveleg tjukk (stiv) tok dei av noko av mysa og jamna ut med grynmjöl. Vilde ein ha Gomben sers god hadde ein sirup i den. Gomben vart lagd i eit vidt fat. Dei som hadde tinfat bruka jamt desse. Gombefatet skulde stå i botnen på korga.

Lefse

Dei vart baka av sigta rugmjöl. Dei baka nokre store, og dei måtte fylla heilt ut bakstehella. Fyrst vart desse leipt (d. e. opvarma). Så vart dei sneka (d. e. påsmurt råmjölk). Sneket laut arbeidast godt utover leiven med handa, og no vart dei steikte. Ein laut vera sers varsame med varmen ellers vilde dei blæra seg og laut kasserast til brudlaupslefsa. Til aa leggja inn i lefse vart baka nokre mindre. Desse skulde ikkje snekast. Lefse vart påsmurte med smör og sukker. Dei små låg inni for aa fylla ut, lefsa vart att på brota og lefserne vart lagd i korga oppå gomben. Der skulde vera 10 slike i ei korg. Var lefsa slik ho skulde vera gjekk det med 1 kg smör og ½ kg sukker til ei korg.

Vaffelkakeplator (snuingar)

Dei vart laga av kveitemjöl og grynmjöl. Av desse skulde der vera 10 plator og dei kom oppå lefserne i korga. Jaren var då pent avklypt. Ellers vart dei oppdelte i brudlaupsgarden.

Svelerne

Desse vart også laga av kveitemjöl og grynmjöl og der skulde vera 20 st. av desse i korga.

Storekaka

Ho kom övst i korga, og måtte fylla godt under halda og vera så drjug at ho gjekk godt utover kantane på korga. Denne vart oftast kjøpt hjå bakaren. Svært ofte var det sirupskaka.

Smörskåla

Det vart ikkje plass åt smörskåla i korga. Dei bar ho difor oftats i ein duk (knyte). Gardmennene laut leggja i 2 kg smör. Husmennene noko mindre.

Ellers var det merke på velstand (eller storlæte) når smörskåla var drjug, så sume hadde gjerne meir enn 2 kg.

Mjolk

Alt nokre dagar før brudlaupet bar grannarne eit mål mjolk til brudlaupsgarden. Denne mjölka skulde vera til gomban. For all yting av mjolk til brudlaupet galdt det eit mål, såsom dei hadde det.

Når ein gjekk til brudlaupsgarden skulde ein også ha med eit mål. Bruradagen og skåldagen bar også budeia eit mål kvar dagen til brudlaupsgarden. Siste dagen (heimferdsdagen) var dei fri utan etter serskild avtala.

Det var såleis 4 mjölkemål det höyrde til aa yta til eit skikkeløg brudlaup i grannlaget.